

# HAREID ROTARY KLUBB

Webside: <http://www.hareid.rotary.no>



MÅNADSBREV

AUGUST 2007.

ÅRGANG 43

DISTRIKT 2280

Møtedag: Månd. kl 18.00 - 19.00  
Møtestad: Klubbhuset til  
Hareid IL  
6060 Hareid  
President: Åge Nytun  
Visepres.: Johan Ole Brandal  
Sekretær: Trygve Riise  
Kasserar: Johs. J. Hareide  
Past pres.: Hans Gisle Holstad  
Styremedlem: Oddvar Haugen  
Styremedlem: Vigdis Riise  
Ansv. red.: Oddvar Haugen  
Referent: Vigdis Riise

## Fødselsdagar i august:

Einar Holm 12.08  
Odd Arne Holstad 13.08  
Håkon Brekke jr. 27.08

## 100% frammøte i august:

Øystein Alme, Sverre Bjåstad, Johan  
Ole Brandal, Oddvar Haugen, Hans  
Gisle Holstad, Liv Hilde Jøsok, Jan  
Håvard Nytun, Aage Nytun, Arve  
Rikard Røyset, John Stennes, Arne G.  
Grimstad, Jarle Klungsøyr, Hans Otto  
Rise

Frammøte i august: 71%

## Overfladiske møter

Ser du havflaten?  
grå og glatt, anonym  
men nedi der  
er koraller

små lysende blå fisk  
tusen skjøne ting

møter du mennesker  
fremmede, du glemmer  
med et skuldertrekk  
inni dem  
er tusen ting

perler, koraller  
lysende blå  
drømmer, det har alle.

Tove Lie.

## ***Månadsbrev for Hareid Rotaryklubb august 2007***

*Referent Vigdis Riise*

### **6. august**

#### **Dugnad på Rotarystien.**

Ein svært varm og fin kveld der vi fekk fram sveitten ved å halde fram med rydding av tre og busker langs elva nedanfor Grimstadvatnet. Vi hadde i sving både motorsager og hagesakser - og vi fekk saga ned og rydda mange meter. Framme ved osen var nokre karar i sving med sementblander i arbeidet med å støype brukara til ei gangbru over elva slik at det vert mogleg å gå tørrskodd over. Arne G. hadde sørnga for å ha køyrt til sand og sement klar til bruk for arbeidslystne karar.



### **13. august**

#### **Presentasjon av syftemål**

President Aage ønskte velkomne til ein ny haustbolk og kom med nokre meldingar der han m.a. opplyste at det ville kome månadsbrev frå Guvernøren og at det kvar 3. mnd ville vere meir innhaldsrikt.

På Lillestrøm vil det frå den 26. til den 30. september bli halde ei stor Rotarysamling der også Verdenspresidenten vil vere med.

Desse la fram syftemål:

Hans Otto Rise: Klassifikasjonskomiteen

Gjennomsnittsalder i klubben er no 61,7 år!

Aud Grimstad: Referat /månadsbrev

Ågot Grimstad Riise /Odd Arne Holstad: Programkomiteen

Aage Nytun: Ungdomsutveksling.

Elles opplyste Einar Holm om at han har observert at Rotarystien vert brukt til riding, og at dette ikkje kan halde fram sidan duken som er lagd under grusen vil bli øydelagd.

**20.august**

**Presentasjon av "Utflyttarboka" v. Sverre Bjåstad**

Sverre Bjåstad har no snart ferdig boka med namna på dei personane som har flytta ut frå Hareid og Ulstein etter? Frå før har han systematisert og gitt ut Register til Bygebøkene og Personboka. Desse bøkene - og då spesielt Personboka – er vel nesten i dagleg bruk i dei fleste heimar i Hareid og Ulstein som eit uvurderleg oppslagsverk vedr.alder m.m. på den einskilde innbyggjar.

I denne nye boka har han laga fleire ulike register, tabellar og oversikter. Sverre orienterte og fortalde korleis han har gått fram for å skaffe dei opplysningane har har hatt bruk for og korleis han har arbeidd for å få til best mogleg lesbart og forståeleg resultat.

Han har også reist "land og strand" for å få med nokre foto av utflytte øybuarar .

Han har hatt god hjelp frå dotter si Ingunn , og har fått økonomisk stønad frå Sparebanken Møre. Likevel fekk vi forståing av at dette har vore eit stort arbeid der ein må vere svært nøyaktig og der korrekturlesing er viktig! – og at han ønskte at jenten ikkje skifta etternamn når dei gifte seg sidan dette gjorde arbeidet meir komplisert!

Vi ønskjer Sverre til lukke med arbeidet vidare og vonar at han får selje opplaget no når boka kjem til sals i bokhandelen. Vi gler oss til det!

**27.august**

**Programfritt**

President Aage ønskte velkomne med særkild velkomst til Jostein Strand som ønskjer å bli medlem i klubben.

Arne G. tok opp tonen til "Sølvet" og Odd Arne Holstad orienterte om programmet vidare utover hausten. M.a. får vi vitjing av Ragnvald Nærø som er konserndirektør i Statkraft og som denne kvelden vil snakke om kraftsituasjonen i Møre og Romsdal.

Røyrakvelden på Holesanden vert **tirsdag** den 20. november og då vil guvernør Unni Alfei vere med.